

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunestyresalen
Møtedato: 12.02.2009 **Tid:** 13.00 – 18.15

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 4, inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Marion Langhelle Pedersen
Vidar Rolland

I staden møtte:

Gunnar Bruvik

Andre som var tilstade på møtet:

Adm.sjef

Ass. adm.sjef var til stades på møtet til ferdig handsaming av sak 6/09.

Økonomisjef møtte under skriv og meldingar og sakene 4 – 7/09.

Pedagogisk konsulent møtte under melding om skulestruktur.

Personalsjef møtte under sak 8/09.

Johannes Yndestad frå Bergen og Omland Havnevesen var innvitert til møtet for å informera om havnevesenet og arbeidet deira og krav og reglement knytt til drift av kaianlegg. Det er omfattande krav til eigarar av kaianlegg.

Neste møte i Personal- og økonomiutvalet vert mandag 16. mars.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 13.02.2009

Ordførar

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Ordførar spurde om utvalet kunne ta opp ei tilleggssak om fleirbrukshall, noko utvalet godkjende. Denne saka fekk nr. 11. Innkalling og sakliste vart godkjend med denne endringa.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Gunnar Bruvik viste til tidlegare spørsmål om tunnelen på Gjerde som etter hans meining er i svært dårleg stand. Han etterlyste kva som er gjort.

Spørsmålet er teke opp med vegvesenet utan at dei har kome attende med løysingar.

Administrasjonen vil på nytt ta opp spørsmålet.

Øyvind Røen ba om at PØ ser nærare på bruken av arealet i Bjørkheimsområdet. Han viser m.a. til at det er kome innspel til steingruppa om utfylling i dette området. Det var semje om at PØ skal ta synfaring og ei drøfting på vidare utvikling av området.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

- Det vart gitt ein kort statusrapport om arbeidet med organisering av sentraladministrasjonen.
- Skulesturtur – Hilde-Lill Våge og Karin Høysæter Steinsland gjekk igjennom vedtaket og ba om innspel til arbeidet med mandatet, avgrensingar på arbeidet og framdrift. Det vert eit ekstra møte i PØ i mars, og administrasjonen vil til dette møte legge fram saka på nytt.
- Adm.sjef og ass. adm.sjef har i 2008 delteke på leiaropplæring i regi av KS. Det vart gitt rapport om opplæringa.
- Portalen som me har motteke er lagra på Frøland i påvente av at det vert bestemt kvar han skal stå. Det må og ei avklaring til kva me skal bruka han til. Utval for OO og Naturutvalet har vald kvar sin representant til ei arbeidsgruppe, og PØ vart og innvitert til å peika ut eit medlem. Marit Asse vart valt frå PØ til nemnda.
- PØ godkjende i førre møtet ein samarbeidsavtale mellom 1. og 2. linjetenesta om helse og pleie. Det vart då føresett at saka skulle til kommunestyret. Det er no sjekka ut med andre kommunar korleis dei handterer saka, og få om ingen tar den til kommunestyret. Kommunane og Helse Bergen er innbydd til å signera avtalen 16.02.09. PØ har ikkje merknader til at ordføraren signerar avtalen ut frå vedtaket i PØ.
- Ordførar orienterte om møte med BKK om planane for kraftutbygging. Melding er no sendt og NVE vil halda eit ope møte den 18.02 om desse planane. NVE vil og halda eit møte med kommunen og eit folkemøte den 11.03. om linja over Kvamskogen samt trafo i Børdal.
- Økonomisjefen orienterte om førebels rekneskapsresultat 2008.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0004/09	09/00040 BUDSJETTENDRINGAR 2009 DISPOSISJON AV MIDLANE I KRISEPAKKA
0005/09	06/00107 FRAMDRIFT MILJØGATE, KAI, PARK OG VA-ANLEGG PÅ YTRE TYSSE
0006/09	09/00059 KS HORDALAND SIN STRATEGIKONFERANSE 2008 VIKTIGE SPØRSMÅL
0007/09	09/00014 FINANSFORVALTNING
0008/09	09/00047 TILLEGGSLØYVINGAR 2009 - DESENTRALISERT SJUKEPLEIARUTDANNING
0009/09	08/00485 ROLVSVÅG INDUSTRIKAI.
0010/09	09/00023 BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD - ENDRING AV VEDTEKTER OG OPPTAK AV NYTT MEDLEM
0011/09	09/00066 FLEIRBRUKSHALL I SAMNANGER - OPPFØLGING AV KULTURPLAN

0004/09

BUDSJETTENDRINGAR 2009 DISPOSISJON AV MIDLANE I KRISEPAKKA**Handsaming i møte:**

Ut frå drøftingane som kom fram i møtet fremja **Øyvind Røen** slikt framlegg:

Dei 1.6 millionane frå staten til sysselsetjing i samband med vedlikehald vert brukt til dette føremålet i samsvar med prioriteringslista som ligg i saksutgreiinga. Maling av Gjerde skule vert gjort innan ordinære budsjettmidlar.

Det vert og gjort fylgjande endringar i budsjettet

Konto nr.	Tekst	endring
1.9000.8000.8700	Skatteinntekter	- 3.000.000
1.9000.8400.8000	Rammetilskot	+ 3.000.000
1.3002.2410.0101	Legevaktgodtgjersle	+ 200.000
1.3200.2410.3700	Legevaktsentral	+ 160.000
1.1200.1700.0900	Premieavvik	- 420.000
1.1200.1710.0900	Amortisert premieavvik	+ 60.000
1.1601.3450.2500	Filter vassverk	+ 100.000
1.1601.3450.9500	Bruk av bunde fond vassfors	+ 100.000

Framlegget vart vedteke mot 1 røyst.

Vedtak:

Dei 1.6 millionane frå staten til sysselsetjing i samband med vedlikehald vert brukt til dette føremålet i samsvar med prioriteringslista som ligg i saksutgreiinga. Maling av Gjerde skule vert gjort innan ordinære budsjettmidlar.

Det vert og gjort fylgjande endringar i budsjettet

Konto nr.	Tekst	endring
1.9000.8000.8700	Skatteinntekter	- 3.000.000
1.9000.8400.8000	Rammetilskot	+ 3.000.000
1.3002.2410.0101	Legevaktgodtgjersle	+ 200.000
1.3200.2410.3700	Legevaktsentral	+ 160.000
1.1200.1700.0900	Premieavvik	- 420.000
1.1200.1710.0900	Amortisert premieavvik	+ 60.000
1.1601.3450.2500	Filter vassverk	+ 100.000
1.1601.3450.9500	Bruk av bunde fond vassfors	+ 100.000

0005/09

FRAMDRIFT MILJØGATE, KAI, PARK OG VA-ANLEGG PÅ YTRE TYSSE

Handsaming i møte:

Det vart gitt ny informasjon i møtet knytt til kostnadskalkyler frå konsulenten.

Marit A Aase sette fram slikt framlegg som vart samrøystes vedteke:

Følgjande delprosjekt skal setjast ut på anbod og gjennomførast i 2009:

- Tusenårsparken
- Kaien
- Portalane
- Høgdebassenget

Vedtak:

Følgjande delprosjekt skal setjast ut på anbod og gjennomførast i 2009:

- Tusenårsparken
- Kaien
- Portalane
- Høgdebassenget

0006/09

KS HORDALAND SIN STRATEGIKONFERANSE 2008 VIKTIGE SPØRSMÅL

Handsaming i møte:

KS har bedt kommunane om å gje uttale til ei rekke spørsmål. Utvalet konsentrerte seg om inntektspolitikken. Spørsmålet vart drøfta, og det vart fatta samrøystes vedtak.

Vedtak:

Inntektspolitikk:

Det er viktig å visa moderasjon når landet treng det. Lønsvæksten bør vera låg. Men me burde likevel arbeida for at kommunetilsette no hadde fått eit skikkeleg løft for at kommunesektoren vert betre i stand til å konkurrera med privat sektor om naudsynt arbeidskraft.

Det er også viktig også å sjå oss i samanheng med våre handels- og samarbeidspartar med tanke på å ikkje svekkja konkurransevna (privat sektor).

0007/09

FINANSFORVALTNING

Handsaming i møte:

Bright Olav Gåsdal sette fram slikt framlegg:

Kommunestyret har merka seg at administrasjonen har plassert 4 mill. av kommunen sine pengar i strid med kommunen sitt finansreglement. Administrasjonen har beklaga dette på det sterkaste. Kommunestyret tek beklaginga til etterretning.

Kommunestyret vil likevel at kommunen ventar med å selja seg ut av First Eiendomsinvest I a.s til me kan oppnå ein betre pris enn no då aksjane for tida er praktisk tala uomsettelege.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret har merka seg at administrasjonen har plassert 4 mill. av kommunen sine pengar i strid med kommunen sitt finansreglement. Administrasjonen har beklaga dette på det sterkaste. Kommunestyret tek beklaginga til etterretning.

Kommunestyret vil likevel at kommunen ventar med å selja seg ut av First Eiendomsinvest I a.s til me kan oppnå ein betre pris enn no då aksjane for tida er praktisk tala uomsettelege.

0008/09

TILLEGGSLØYVINGAR 2009 - DESENTRALISERT SJUKEPLEIARUTDANNING

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune ønskjer å ha 2 studentar med i desentralisert sjukepleiarutdanning som startar opp hausten 2009.

Kommunen vil

- leggja forholda til rette for studentane. Det inneber m.a. at studentane i størst mogleg grad kan oppebera løn tilsvarande 50% stilling i heile studietida.
- ta aktivt del i prosessen med å velje ut og prioritera kandidatar.
- forplikta seg økonomisk i høve til studieavgifta, for 2009 er årskostnaden pr student kr 15 000,-
- ha eit godt samarbeid med Høgskulen i Bergen, ta imot undervisning og vera med å presentera prosjektet
- leggja til rette for praksis
- ta del i samarbeidsmøta
- søkja om statstilskot til opplæringa og nytta dei direkte på studentane

Innan fristen for å akseptera studieplass skal kommunen ha avklara om kommunen kan gå inn med ytterlegare økonomiske virkemiddel – permisjon med løn/stipend.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune ønskjer å ha 2 studentar med i desentralisert sjukepleiarutdanning som startar opp hausten 2009.

Kommunen vil

- leggja forholda til rette for studentane. Det inneber m.a. at studentane i størst mogleg grad kan oppebera løn tilsvarande 50% stilling i heile studietida.
- ta aktivt del i prosessen med å velje ut og prioritera kandidatar.
- forplikta seg økonomisk i høve til studieavgifta, for 2009 er årskostnaden pr student kr 15 000,-
- ha eit godt samarbeid med Høgskulen i Bergen, ta imot undervisning og vera med å presentera prosjektet
- leggja til rette for praksis
- ta del i samarbeidsmøta
- søkja om statstilskot til opplæringa og nytta dei direkte på studentane

Innan fristen for å akseptera studieplass skal kommunen ha avklara om kommunen kan gå inn med ytterlegare økonomiske virkemiddel – permisjon med løn/stipend.

0009/09

ROLVSVÅG INDUSTRIKAI.**Handsaming i møte:**

Før PØ-møtet vart formelt sett informerte representant for Bergen og Omegn Havnevesen Johannes Yndestad om organisasjonen, lover og reglar knytt til drift av ei havn samt kva eit medlemskap i Bergen og Omland Havnevesen inneber.

Utvalet fatta eit samrøystes vedtak som inneber at tilrådinga i saka om avtale med Os skog står fast og at saka kjem opp att på første møte i kommunestyret. Administrasjonen innarbeider informasjonen frå Yndestad i saksutgreiinga før den vert sendt ut.

Vedtak:

Saka kjem opp i førstekomande kommunestyremøte.

Administrasjonen innarbeider info gitt av Bergen Havnevesen v. Johannes Yndestad i PØ-møtet i dag.

0010/09

BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD - ENDRING AV VEDTEKTER OG OPPTAK AV NYTT MEDLEM**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune gir sin tilslutning til at Vaksdal kommune vert ny deltakar i Bergen og Omland friluftsråd.

Samnanger kommune ser på Bergen og Omland Friluftsråd som eit eige rettssubjekt som fører særrekneskap.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune gir sin tilslutning til at Vaksdal kommune vert ny deltakar i Bergen og Omland friluftsråd.

Samnanger kommune ser på Bergen og Omland Friluftsråd som eit eige rettssubjekt som fører særrekneskap.

0011/09

FLEIRBRUKSHALL I SAMNANGER - OPPFØLGING AV KULTURPLAN

Handsaming i møte:

Etter drøftingar i utvalet var det semje om at saka vert sett opp att på møtet i PØ i mars.

Vedtak:

Saka vart utsett, og vert sett opp att på første møte.